



Tingvoll, 1.4.2022

Møre og Romsdal fylkeskommune
post@mrfylke.no

OFFENTLEG ETTERSYN – SØKNAD OM AKVAKULTURANLEGG FOR MATFISK AV TORSK – VORPENESSET I VESTNES KOMMUNE - FRÅSEGN

Dykkar ref. 2021/24504.

Romsdal Torsk AS/Gadus har søkt om å få drive oppdrett av torsk på lokalitet Vorpeneset i Vestnes.

Naturvernforbundet har venta på at denne saka skal bli lagt ut på offentlig høyring. Vi har ikkje registrert denne saka som høyringssak i Vestnes kommune, men vi har fått ei form for forståing av at det kan ha vore ein høyringsfrist 10.1.2022, der inviterte har blitt bedne om å kome med fråsegner. Vi trur ikkje vi kan ha vore mellom dei.

Naturvernforbundet ønskjer i alle fall å seie noko til denne saka.

Gadus Group AS har levert inn eit større tal søknader. Dei vi har sett på har store fellestrekk. Det vi har sett til no:

- Kartlegginga, jf. Artskart har vore tilfeldig og oftast svært tynn.
- Kartlegging av stortare og ålegras har vore gjort i delar av fylket. Der det ikkje har vore gjort kartlegging ser det ut på kart som at artane ikkje finst, men det kan skuldast at ein ikkje veit fordi ein ikkje har kartlagd.
- Kartlegging av lokale torskebestandar er for ein stor del mangelfull.

Det verkar å vere omstridd i miljøet om torsk i merd kan formeire seg saman med vill torsk, og om rømt tamfisk vil kunne formeire seg når han kjem i lag med vill fisk. Problemstillinga er heilt vesentleg når ein bruker den kunnskapen ein har om lakseoppdrett for å vurdere kva som kan vente ved oppdrett av torsk.

Naturvernforbundet meiner at det er nødvendig å konsekvensutgreie denne søknaden, som følgje av at kunnskapen er svak og at omfanget for den nye næringa er stort og vil ha moglegheiter til å påverke ein større del av kysten.

Risiko

Så til søknaden på Vorpeneset spesielt. I «hovuddokumentet» der Gadus seier noko om påverking av den ville torsken, finn vi dette:

7. Implikasjoner ved en eventuell genetisk påvirkning

Til slutt må også en eventuell genetisk påvirkning fra en oppdrettstorsk sees i sammenheng med den eventuelle implikasjonen og omfanget påvirkningen vil kunne ha. Dette er ikke nødvendigvis en vurdering som kan gjøres av en enkelt industriell aktør som Gadus, men en vektning av ulike interesser som Fiskeridirektoratet må vurdere når de legger retningslinjer for næringen.

I en slik vurdering er det også naturlig å minne om at man i dag gjennom industrielt fiske allerede har tillatt en viss genetisk påvirkning på den naturlige ville bestanden av kysttorsk gjennom flere tiår med fiskeriindustert seleksjon av egenskaper på vill torsk. Dette begrunnet med at fordelene med et slikt fiskeri oppveier ulempene med den genetiske påvirkningen det har. Man bør derfor også vurdere helhetlig implikasjonen av en tenkt marginal genetisk påvirkning sammenlignet med andre rammebetingelser og retningslinjer man setter, for å sikre en bærekraftig utvikling av bestandene av torsk langs norskekysten.

Viss ein balanserer på ein kant for å finne ut kor langt ut ein kan gå før ein rammar ned, så ender det kvar gong med at ein rammar ned.

Når det er om å gjere å ikkje ramle ned, så kan ein ikkje gå heilt ut på kanten. Då må ein stoppe før det er mogleg at ein kan ramle ned. Innanfor tamlaksverksemda har ein ramla utfor kanten fleire gongar (Lakselus, genetisk ureining, algeproblematikk og sjukdom i alle fall). Det har også vore ganske vanleg å ta meir omsyn til fiskerinæringa enn til fiskeressursane. Sild og lodde har samanbrot til å lære av. I alle fall når ein kjem til avgjerder som er politisk bestemt.

Det er ikkje mange fiskeartar på raudlista, men det er ikkje dermed sagt at alt er bra. Viss ein t.d. ser på steinbitartane finn ein at bestanden har auka litt dei siste 15 åra. Dermed er arten livskraftig. Men bestanden blei fiska ned såpass mykje på 1960- og 1970-talet, slik at manglande steinbit sannsynlegvis har vore ein viktig årsak til at kråkebollane blei mange og tareskogane for ein del har forsvunne. Det vil ta tid før steinbiten er på gamle høgder, og det vil truleg ta endå lenger tid før tareskogen er på plass igjen. Eit døme på at litt til og litt til lett kan føre til avgrunnen.

Kysttorsken har det ikkje så greitt. Kunnskapen vår om kysttorsken har viktige hol. Å ta risiko knytt til bestanden av kysttorsk for at kommersielle interesser skal kunne tene litt meir, det kan vi ikkje gjere. Næringa har tabba seg ut med laksen, og får ikkje fleire forsøk.

Behov for konsekvensutgreiing

I dokumentet der søkjar seier noko om behovet for konsekvensutgreiing merker vi oss kap. 3.2. Temaet er prega av at kartlegginga frå før er avgrensa. Søkjar har ikkje vurdert kartleggingsnivået, men ser ut til å rekne det som ligg i databasane som heile sanninga. Det kan verke som ein art er ein art for søkjar, utan noka vurdering om artane kan bli påverka av tiltaket. Kvifor blårapp er viktig og krykkje og alke ikkje er nemnt kan ein jo tenkje noko om. Dette viser veldig tydeleg at søkjar treng hjelp for å kunne dokumentere kva som finst av naturmangfald i området og kva som kan vere viktig å ta omsyn til. Vi har tatt ein sjekk av registreringar av ålegras. Registreringane i Romsdalsfjorden er frå ein del år tilbake, og er nok ikkje systematiske. Viss det er ålegras i området, så seier ikkje kartlegginga noko om det. Vi merker oss elles at Åkerblå i 2021 har lagt inn ein del registreringar frå fjorden. Det burde det ha vore nokre vurderingar rundt.

Vidare representerer så mange samtidige søknader om lokalitetar for torskeoppdrett ein mogleg stor innverknad på kysttorsk og anna liv i havet, som sumverknad, jf, naturmangfaldlova § 10.

Konklusjon

Dei dokumenta Naturvernforbundet har sett i denne saka tilseier at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst slik at det kan gjevast konsesjon. Det er i alle fall nødvendig med ei konsekvensutgreiing med tanke på kva som finst i sjøen frå før, og spesielt tilhøva for kysttorsken i eit større område.

Vi gjer merksam på at vi ikkje har hatt om hende alle dei dokumenta som skulle høyrast.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær

Kopi:

Vestnes kommune postmottak@vestnes.kommune.no

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sfmrpost@statsforvalteren.no